



Arkivnr: 2016/4913-4

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		16.11.2016

Forskrift om mellombelse bompengeretakstar i Bergen - høyring**Samandrag**

På fylkestinget 3.mars 2016 vart det handsama sak om strakstiltak for betre luftkvalitet - beredskapstakstar og gratis kollektivtilbod på dagar med fare for høg luftforureining. Tilsvarande sak vart også lagt fram for bystyret i Bergen.

Formålet med saka var å få på plass ei lokal forskrift som formelt grunnlag for innføring av beredskapstakstar (mellombelse tidsdifferensierte bompengeretakstar), etter veglova § 27 andre ledd, som eit strakstiltak for å redusere vegtrafikk på dagar med fare for høg luftforureining. For å redusere ulempene for innbyggjarane i Bergen kommune er det lagt opp til å supplere tiltaket med gratis kollektivtransport.

Med grunnlag i vedtak i fylkestinget og bystyret i Bergen, har Vegdirektoratet i brev, datert 6.oktober 2016, oversendt forslag til lokal forskrift for innføring av mellombelse auka bompengeretakstar på dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1.juni 2004 nr.931 om begrensing av forureining. Utkastet til lokal forskrift er oversendt Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune til uttale.

Fylkesrådmannen er tilfreds med at det no føreligg utkast til lokal forskrift som vil gi eit formelt grunnlag for at Bergen kommune/Hordaland fylkeskommune kan innføre mellombelse auka bompengeretakstar i Bergen som strakstiltak på dagar med høg luftforureining.

Fylkesrådmannen vil og understreke at forslaget til forskrift i all hovudsak er i samsvar med vedtaket i fylkestinget 9.mars 2016 og tilsvarande vedtak i bystyret i Bergen kommune, 16.mars 2016.

Fylkesrådmannen vil særskilt vise til den politiske handsaminga i bystyret i Bergen og fylkestinget om grunnlaget for denne lokale forskrifta, der det er ein tydeleg føresetnad om gratis kollektivtransporttilbod i dei periodane det er aktuelt å innføre mellombelse auka bompengeretakstar. Denne føresetnaden legg vidare opp til at bortfallet av inntekter med gratis kollektivtransport, skal finansierast gjennom meirinntektene i bompengeringen med slike auka bompengeretakstar.

I høyringsbrevet stiller Samferdselsdepartementet spørsmål om det føreligg heimel i veglovens §27, annet ledd, til slik alternativ bruk av meirinntektene som §4 i forslaget til lokal forskrift opner opp for. Spørsmåla om bruk av inntektene er ikkje omtalt i verken forarbeider eller direkte i lovbestemmelsen i §27, annet ledd.

For å gjøre veglovens § 27 klarare på dette området, vil Samferdselsdepartementet foreslå endring av veglovens § 27 andre ledd, om bruk og myndighet til å regulere bruk av bompenger. Departementet vil dermed vurdere nærmere om ikraftsetting av § 4 i forskriften må avventast til lovendringa eventuelt er vedteken.

Fylkesrådmannen ser det som nødvendig at Samferdselsdepartementet fastsetter den lokale forskriften, også inkl. §4, slik at det er mulig å iverksette tiltaket i Bergen vinteren 2016/2017, både med mellombelse auka bompengetakstar og gratis kollektivtransport. Dersom det vert utsett ikraftsetting av §4, vil det ikke vere grunnlag for finansiering av gratis kollektivtransport som føresetnad for å innføre denne type takstar. Dette vil vere uheldig for å ha tilstrekkeleg beredskap for å redusere biltrafikken komande vinter på eventuelle dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet viser til vedtak på fylkestinget, 3.mars 2016, og er i all hovudsak tilfreds med forslag til lokal forskrift for mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.
2. Fylkesutvalet ser det som nødvendig at Samferdselsdepartementet fastsetter den lokale forskriften samla, også inkl. §4, slik at det er mulig å iverksette tiltaket i Bergen vinteren 2016/2017. Utsett ikraftsetting av §4 og høve til finansiering av gratis kollektivtransport, vil vere uheldig for å ha tilstrekkeleg beredskap for å redusere biltrafikken komande vinter på eventuelle dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1.juni 2004 nr.931 om begrensning av forureining.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen så snart som råd legge fram ei delegasjonssak om avgjersmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengetakstar i Bergen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Høringsinstanser_Differensiering.xlsx
- 2 Forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen(1335073)(2)
- 3 Høring av forslag om midlertidige økte bompengetakster i Bergen

Fylkesrådmannen, 14.10.2016

1.0 Bakgrunn for saka

Veddirektoratet har i brev, datert 6.oktober 2016, oversendt forslag til lokal forskrift for innføring av mellombelse auka bompengeretakstar på dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1.juni 2004 nr.931 om begrensing av forureining.

Utkastet til lokal forskrift er oversendt Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune til uttale. Høyringsfristen er sett til 18.november 2017.

Denne saka var tenkt lagt fram på møte i utvalet for miljø og samferdsel, 2.november, før endeleg handsaming i fylkesutvalet. På grunn av uheldig svikt i sakshandsamingsrutinane kom ikkje saka på sakslista til møtet i utvalet for miljø og samferdsel, og må dermed no leggast direkte fram for fylkesutvalet.

2.0 Tidlegare fylkespolitisk handsaming

På fylkestinget 9.mars 2016 vart det handsama sak om strakstiltak for betre luftkvalitet - beredskapstakstar og gratis kollektivtilbod på dagar med fare for høg luftforureining. Det vart gjort følgjande vedtak:

1. «Fylkestinget ber Samferdselsdepartementet, med heimel i veglova § 27-2, fastsette forskrift om mellombelse tidsdifferensierte bompengeretakstar i Bergen, til bruk på dagar med fare for høgluftforureining.
2. Fylkestinget vil at det skal fastsettast forskrift for bruk i framtidige tilfelle med fare for høg luftforureining i Bergen.
3. Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:
 - a. Takstnivå og forureiningsnivå: Det vert opna for å sette i verk femdobling av gjeldande bompengeretakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskridning av grenseverdiane for NO₂ og PM₁₀, som er venta å vare i to dagar eller meir.
 - b. Praktisk gjennomføring: Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslårte justeringar/suppleringer som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.
 - c. Kostnader og finansiering: Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bompengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.
4. Fram mot iverksetting av tiltaket skal moglege unntaksordningar for vare- og nyttetransport vurderast.
5. Fylkestinget legg til grunn av Samferdselsdepartementet vil fastsette sentral takstforskrift på grunnlag av lokalt forslag så raskt som mogleg, og i tett dialog med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget vil understreke at det er avgjørande at tiltaket er klart til å kunne iverksettast i god tid før vinteren 2016/2017.
6. Fylkestinget gjev sin tilslutning til at tiltaket inngår i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra i takstforskrifta er oppfylt.
7. Fylkestinget vil understreke behovet for god dialog mellom fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket.»

Formålet med saka og vedtaket var å få på plass ei lokal forskrift som formelt grunnlag for innføring av beredskapstakstar (mellombelse tidsdifferensierte bompengeretakstar), etter veglova § 27 andre ledd, som eit

strakstiltak for å redusere vegtrafikk på dagar med fare for høg luftforureining. For å redusere ulempene for innbyggjarane i Bergen kommune er det lagt opp til å supplere tiltaket med gratis kollektivtransport.

For nærmere informasjon om grunnlaget for vedtaket, viser fylkesrådmannen til fylkestingssaksnr. 18/2016, fylkestinget, 9.mars 2016. Bergen bystyre handsama tilsvarende sak på møte 16.mars 2016.

3.0 Forslaget til forskrift

Forslaget til forskrift om mellombelse auka bompenger takstar i Bergen er utforma av Samferdselsdepartementet på følgjande måte:

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å redusere luftforureiningsa i Bergen ved bruk av mellombelse auka bompenger takstar som eit trafikkreduserande tiltak i periodar med høg luftforureining.

§ 2. Vilkår

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune kan vedta at det skal takast i bruk mellombelse auka bompenger takstar etter denne forskrifta når grenseverdiane etter forurensningsforskriften § 7-6 er overskride eller ved fare for slik overskridning med antatt varigheit på to dagar eller meir.

§ 3. Takstane

Dei auka bompenger takstane skal vere fem gongar så høge som takstane som til kvar tid gjeld ordinært i Bergen. Dei auka takstane skal vere mellombelse i korte periodar. Takstane etter forskrifta skal omfatte alle trafikantgrupper med unntak av trafikantar som er gitt fritak frå betaling av bompengar.

§ 4. Bruk av bompengeinntekter frå ordninga

Inntekter frå takstauken etter § 3, kan nyttast til dekking av kostnader til dei tiltaka som kommunen og fylkeskommunen finner er naudsynt for å ned biltrafikken i perioden det gjeld.

4.0 Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen er tilfreds med at det no føreligg utkast til lokal forskrift som vil gi eit formelt grunnlag for at Bergen kommune/Hordaland fylkeskommune kan innføre mellombelse auka bompenger takstar i Bergen som strakstiltak på dagar med høg luftforureining.

Fylkesrådmannen vil og understreke at forslaget til forskrift i all hovudsak er i samsvar med vedtaket i fylkestinget 3.mars 2016 og tilsvarende vedtak i bystyret i Bergen kommune. Det er likevel grunn for å peike på omtalen i §2, der det vert lagt til grunn at både Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune skal vedta innføring av mellombelse auka bompenger takstar. I vedtaket til fylkestinget 9.mars 2016 er det lagt opp til at tiltaket kan inngå i Bergen kommune sin beredskapsplan og at byrådet kan iverksette tiltaket når vilkåra elles i forskrifta er oppfylt. Samstundes vert behovet for god dialog med fylkeskommunen og andre relevante etatar i forkant av innføring og gjennomføring av tiltaket understreka i vedtaket.

Fylkesrådmannen viser til vedtaket i fylkestinget, 9.mars 2016, der Hordaland fylkeskommune gir byrådet i Bergen fullmakt til å iverksette beredskapstakster når vilkårene er oppfylt. Fylkesrådmannen legg til grunn at ei slik ordning ikkje er i strid med formuleringen i § 2 i forskriftsutkastet, der det er nedfelt at både Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune kan vedta at tiltaket skal takast i bruk.

Av praktiske grunnar vil det vere uheldig dersom fylkespolitiske organ også må vedta innføring av denne type strakstiltak slik forslaget til forskrift legg opp til. Bergen kommune er forureiningsstyresmakt for lokal luftforureining (jf. forurensningsforskriften kap. 7). Bystyret har delegert alle nødvendig fullmakter i ein beredskapssituasjon til kriseleninga. Kriseleninga er byrådet, eventuelt byrådet ved byrådsleiar, og vert støtta av eit beredskapsråd. Beredskapsrådet har deltaking frå relevante styremaker; Bergen kommune (med

fleire enheiter), Statens vegvesen, Politiet, Bergen og omland havnevesen, Metrologisk institutt og Hordaland fylkeskommune (fylkesrådmannen, fylkesdirektør for samferdsel og direktør i Skyss).

I tillegg til spørsmålet om avgjersmynde til å innføre denne type takstar, er det også nødvendig av praktiske omsyn å avklare avgjersmynde i spørsmålet om gratis kollektivtransport i samband med innføring av mellombelse auka bompengeretakstar. Forslaget til lokal forskrift omfattar ikkje spørsmålet om gratis kollektivtransport, slik at ansvaret for å ta stilling til dette formelt ligg til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen vil legge fram ei eiga delegasjonssak om dette på fylkestinget i desember 2016.

Fylkesrådmannen vil også peike på § 3 i utkast til forskrift, der det er lagt opp til at takst- og rabattsystemet og fritaksordninga vil vere det same som i gjeldande bompengeordning. Det er uheldig at dagens takst- og rabattsystem i bompengeringen i Bergen ikkje differensierer på utslippeigenskapar mellom ulike kjøretøy. Dette medfører at kjøretøy som bidreg svært lite til lokal luftforureining, slik som tunge kjøretøy med Euroklasse VI-motor, vil måtte betale like mykje som kjøretøy som har langt høgare utslipp av NO₂.

Samferdselsdepartementet må så raskt som mulig få på plass det formelle grunnlaget for å kunne innføre slik takstdifferensiering, slik at dette kan nyttast både for ordinære bompengeordningar og for midlertidig auka bompengeretakstar etter vegloven § 27, andre ledd. På denne måten vil midlertidig auka bompengeretakstar fungere både meir målretta og rettferdig.

I §4 i forslaget til forskrift er det fastslått at meirinntektene i bompengeringen i Bergen i periodane med mellombelse auka bompengeretakstar kan nyttast til dei tiltak som kommunen og fylkeskommunen finn naudsynt for å redusere biltrafikken i dei aktuelle periodane med slike takstar. Dette medfører dermed at ein kan nytte slike meirinntekter til å finansiere kostnadene med innføring av gratis kollektivtransport i dei mellombelse periodane.

I høyringsbrevet stiller likevel Samferdselsdepartementet spørsmål om det føreligg heimel i veglovens §27, annet ledd, til slik alternativ bruk av meirinntektene som §4 i forslaget til lokal forskrift opner opp for. Spørsmålet om bruk av inntektene er ikkje omtalt i verken forarbeider eller direkte i lovbestemmelsen i §27, annet ledd.

Samstundes peiker departementet på at forslaget til § 4 om å bruke bompenger til å dekke kostnader til å redusere forurensning fra biltrafikken, vil vere i tråd med prinsippet om at forurenseren betaler, og at anleggseigarane skal få dekka sine kostnader som følge av forurensninga, jfr. forskrift av 1.juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning § 7-3.

For å gjere veglovens § 27 klarare på dette området, vil Samferdselsdepartementet foreslå endring av veglovens § 27 andre ledd, om bruk og myndighet til å regulere bruk av bompenger. Departementet vil dermed vurdere nærmare om ikraftsetting av § 4 i forskriften må avventast til lovendringa eventuelt er vedteken.

Fylkesrådmannen vil særskilt vise til den politiske handsaminga i bystyret i Bergen og fylkestinget om grunnlaget for denne lokale forskrifa, der det er ein tydeleg føresetnad om gratis kollektivtransporttilbod i dei periodane det er aktuelt å innføre mellombelse auka bompengeretakstar. Denne føresetnaden legg vidare opp til at bortfallet av inntekter med gratis kollektivtransport, skal finansierast gjennom meirinntektene i bompengeringen med slike auka bompengeretakstar.

Fylkesrådmannen ser det som nødvendig at Samferdselsdepartementet fastsetter den lokale forskriften samla, også inkl. §4, slik at det er mulig å iverksette tiltaket i Bergen vinteren 2016/2017, både med mellombelse auka bompengeretakstar og gratis kollektivtransport. Dersom det vert utsett ikraftsetting av §4, vil det ikkje vere grunnlag for finansiering av gratis kollektivtransport som føresetnad for å innføre denne type takstar. Dette vil vere uheldig for å ha tilstrekkeleg beredskap for å redusere biltrafikken komande vinter på eventuelle dagar der luftforureininga overstig grenseverdiane etter forskrift av 1.juni 2004 nr.931 om begrensning av forureining.